



Moderne Varme AS
AF Energi og Miljøteknikk AS
Skår VVS AS

Dato

LEIKANGER, 1.11.2017

Avlysing av konkurranse

Vi viser til open tilbodskonkurranse utlyst på Doffin 15.08.17 med tilbodsfrist 15.09.17.

Oppdragsgjevar mottok 3 tilbod.

Etter ei nærmere vurdering finn Oppdragsgjevar sakleg grunn for å avlyse konkurransen.

Etter forskrift for offentlig anskaffingar (foa) §10-4 kan Oppdragsgjevar avlyse ein konkurranse med omgåande verknad dersom det føreligg sakleg grunn. Oppdragsgjevar skal snarast mogleg gi leverandørane ei skriftleg meddeling om avlysinga. Meddelinga skal innehalde ei kort grunngjeving og eventuelle opplysningar om at han vil gjennomføre ein ny konkurranse om den same.

Grunngjevinga:

I konkurransen som vart utlyst er det satt ein rekke kvalifikasjonskrav, blant anna krav om bruk av lærlingar, krav om lønns- og arbeidsvilkår og maksimum tal ledd i leverandørkjeda.

Alle desse tre krava er definert som avtaleklausuler i relevante forskrifter. I del III av anskaffingsregelverket er det ikkje lov å stille desse kvalifikasjonskrava. Del II er ikkje like regulert som del III, men Difi anbefaler å stille krav om bruk av lærlingar som avtaleklausul. Å stille dette kravet som kvalifikasjonskrav kan bryte med de grunnleggjande prinsipp som gjeld alle anskaffingar (<https://www.anskaffelser.no/samfunnsansvar/krav-om-bruk-av-laerlinger>).

Når det gjeld denne konkrete anskaffinga ser vi at det kan hindre konkurransen å stille krav om bruk av lærlingar som kvalifikasjonskrav. Det kan vere naturleg å nytte lokale underleverandørar avhengig av kvar i fylket eit avrop kjem. Val av underleverandørar er ikkje nødvendigvis kjent ved avtalesignering.

Oppdragsgjevar ser det ikkje som hensiktsmessig å stille strengare krav til kvalifikasjonar i denne konkurransen enn det som er tillat etter del III, og Oppdragsgjevar vil gjere endringa i tråd med Difis anbefaling.

I ein open tilbodskonkurranse har Oppdragsgjevar moglegheit til å foreta endringar i konkurransegrunnlaget som ikkje er vesentlege, jamfør § 8-4 (4). Vår vurdering er at endringa fører til at andre leverandørar potensielt kunne ha deltatt, og såleis kunne ha endra konkurranseutfallet. Endringa er difor av ein vesentleg karakter og omsynet til grunnleggjande prinsipp om konkurransen tilseier at vi må avlyse og lyse ut på nytt.

I ny utlysing

I ny utlysing kjem Oppdragsgjevar til å behalde konkurransegrunnlaget mest mogleg uendra for at tilbydarane i den avlyste konkurransen skal kunne levere tilbod med minst mulig bry i ny konkurransen. Vektinga av pris og kvalitet vi vere den same (50 % kvar), men Oppdragsgjevar vil tydeliggjere tildelingskriteriet kvalitet. I den avlyste konkurransen ser Oppdragsgjevar at vi kan ha brote det forskriftsmessige kravet om at tildelingskriteriene ikkje skal vere så skjønnsprega at dei gir Oppdragsgjevar ein ubegrensa valfridom, foa, § 8-11 (2). Tydeliggjeringa støttar også opp under det grunnleggjande prinsippet i lov om offentlige anskaffingar om at Oppdragsgjevar skal vere føreseieleg.

Vi beklagar at leverandørane har mått vente på avgjersla om avlysing. Oppdragsgjevar har gått i dialog etter tilbodsfristen med alle tilbydarane da alle tilboda inneheldt uklarheiter og/eller avvik. Dette har tatt tid. Det var ikke før etter denne prosessen vi såg at vi hadde gjort feilen med omsyn til kvalifikasjonskrav.

Ny konkurranse vil bli lyst ut innan kort tid.

Dykkar innsendte tilbod vert ikkje sendt i retur.

Med helsing

Katrine Røkke Wilson
Innkjøpssjef

Martine Lunder
Rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)
Moderne Varme AS
AF Energi og miljøteknikk AS
Skår VVS AS